<table>
<tr><td rowspan="3">HORDALAND FYLKESKOMMUNE</td><td colspan="4">Prosjektplan<br>Yrkesfaglege koordinatorar<br>Auka gjennomføring «Fleire ut i lære»</td></tr>
<tr><td>Dokumenttype:<br>Prosjektmal</td><td>Godkjend av:<br>(oppdragsgjevar)</td><td>Gjeld frå:</td><td>Tal sider: 8</td></tr>
<tr><td>Utarbeidd av:</td><td>Godkjend dato:</td><td>Revidert dato:</td><td>Arkivsak:</td></tr>
</table>

Versjon av prosjektplan: 1
Dato:23.11.2016

# 1 MÅL OG RAMMER

## 1.1 Bakgrunn

I fylkestinget 8. des. 2015 vart det framsett følgjande bestilling:

> *«I Hordaland er det berre om lag ein tredjedel av elevane som byrjar på yrkesfag som fullfører med fagbrev. Nokon av desse fullfører med studiekompetanse, men ein stor del fell frå utan fagbrev og utan studiekompetanse. Fylkestinget set av 4,5 millionar i ein søkbar pott til skular med låg gjennomføringsgrad på yrkesfag. Fylkestinget ber fylkesrådmannen legge frem ein heilheitleg sak som synleggjer naudsynte tiltak og kriteria for tildeling av midlar».*

Det vart laga ei sak, «Auka gjennomføring i yrkesfaga. Strategiar på kort og lang sikt, ei heilskapleg tilnærming», i 2016. der ein la ein plan for korleis desse midlane skulle nyttast.

I saka kjem det fram at det er trong for gode strategiar både på lang sikt og strategiar på kortare sikt med tiltak for å handtere dei ungdomane som ikkje får seg læreplass i 2016.

Strategiar på kort sikt inneber at det vert gjennomført ei forsøksordning med yrkesfaglege koordinatorar knytt til fem vidaregåande skular. Skulane vert plukka ut etter kor mange elevar som kjem seg vidare i opplæringsløpet. Dette arbeidet vert støtta og følgd tett frå skuleeigar si side gjennom å avsette ressursar til det. Det skal utviklast felles arbeidsorganisering for desse fem yrkesfaglege koordinatorane.

Forslag til innstilling

1 Det vert organisert ei forsøksordning med yrkesfaglege koordinatorar ved fem skular

2 Prosjektet skal sjåast i samanheng med komande forskingsoppdrag

3 Det vert løyvd pengar til forsøksordninga i budsjettet for 2017 og 2018

4 Prosjektet skal evaluerast undervegs og rapporterer til Fylkestinget juni 2017

Følgande skular er i saka plukka ut til å vera med i forsøksordninga:
- Stord videregåande skule
- Voss vidaregåande sjkule
- Slåtthaug videregåand eskule

- Sotra videregåande skule
- Årstad vidergåande skule

Totalt har desse fem skulane i overkant av 800 elevar på Vg2; noko som utgjer over 43% av tal elevar frå Vg 2 som anten har søkt læreplass eller påbygg. Strukturen på desse skulane er ganske lik i den forstand at dei har tilbod innan både TIP og Elektro som er dei to utdanningsprogramma der ungdomane slit mest med å få seg læreplass. Voss vgs, som er liten samanlikna med dei fire andre, er plukka ut av di det er ein ny skule på plass frå hausten 2016 og det er viktig at samarbeid skule/arbeidsliv vert sett høgt på dagsorden frå dag 1.

Det må tilsetjast ein yrkesfagleg koordinator ved kvar av dei fem skulane. Slike koordinatorar er heilt avgjerande for å lukkast.

Dei fire store skulane bør ha ein 100% ressurs kvar, mens Nye Voss vgs kan ha ein 50% ressurs. I tillegg til desse yrkesfaglege koordinatorane må også skuleeigar dedikere ein 150% ressurs i ein toårs- periode med å jobbe saman med skulane med desse utfordrande problemstillingane. Det er avgjerande for å lukkast at skuleeigar er tydeleg i rolleutforminga av yrkesfagleg koordinator.

### 1.2 Formål med prosjektet

Det er ikkje noko nytt at ungdomane i Hordaland slit med å skaffe seg læreplass. Kvart år står det mange ungdomar igjen som ikkje får tilbod om læreplass. Problemstillinga er ikkje eksklusiv for Hordaland. Hausten 2015 var det i overkant av 9000 søkjarar til læreplass som ikkje klarte å skaffe seg plass på landsbasis.

Vi veit mykje om kvifor dette skjer kvart år. Kva den einskilde ungdom har med seg av kompetanse og opplæring, betyr noko, om den einskilde ungdom har fått høve til å syne seg fram gjennom faget *prosjekt til fordjuping* betyr noko, kvar den einskilde ungdom bur, betyr noko. Tilfanget av læreplassar og tilhøvet mellom tal elevar og tal læreplassar betyr sjølvsagt også mykje.

Vi har gjennom tal også vist at det er forskjellar mellom skular i kor stor grad ein lukkast med elevane. Indikator på om elevane klarer å skaffe seg læreplass eller ikkje, er ikkje ein offisiell målestandard, men det er sjølvsagt klart at det er ein indikator som interesserer skuleeigar.

Mål i prosjektet som kan la seg måle på dei utvalde skulane kan vera

| | | |
|---|---|---|
| Forbetring av formidlingstal mellom Vg2 og Vg3 (elevar med ungdomsrett ut i lære) | Målt opp mot tall frå 2015 og 2016 | Haust 2017<br>Haust 2018<br>Haust 2019 |
| Tal elevar som har skaffa seg læreplass før sommaren på vg2 | Tall i 2017 måles opp mot tall i 2018 og 2019 | Vår 2017<br>Vår 2018<br>Vår 2019 |

| | | |
|---|---|---|
| Tal elevar utplassert i YFF | Tall i 2017 måles opp mot tall i 2018 og 2019 | Vår 2017<br>Vår 2018<br>Vår 2019 |
| Arbeid på systemnivå | Oversikt frå 2017 vurderes opp mot tall i 2018 og 2019 | Vår 2017<br>Vår 2018<br>Vår 2019 |

### Skildring av kva prosjektet skal levere (prosjektmål)

Tillsetting av koordinatroar, få på plass varige strukturar og arbeidsmåtar som kan overførast til andre skular i fylket.

Etter prosjektperioden er over skal Hordaland fylkeskommune ha utarbeid ein tydeleg strategi på korleis ein arbeider med den enkelte ungdom som byrjar på ei fagutdaning.
Det skal være tydeleg korleis Hordaland fylkeskommune arbeider med eit heilskapleg 4 årig utdanning for alle som vel yrkesfagleg utdaning.

## 2 OMFANG OG AVGRENSING

*Kva skal prosjektet ikkje gjere*

*Rådgiving på individnivå*
*Kartlegging på individnivå*
*Formidling på individnivå*
*Overta arbeid og oppgåver som i dag er ivaretatt av andre tilsette i skule og som fungerer hensiktsmessig.*

*Dei skulane der det i dag er tilsett arbeidslivskoordinator – skal sjølvsagt halde fram med det arbeidet.*

### Interessentanalyse

| **Interessent**<br>Nedanfor skal ein identifisere alle individ, grupper og organisasjonar som på eitt eller anna vis har ein utbytterelasjon til | **Tenkelege bidrag** | **Krav/ forventningar til prosjektet**<br>Kva slags forventningar har den einskilde interessenten til prosjektet | **Handtering**<br>her skal vi ta stilling til korleis vi vil forholde oss til den enkelte interessenten, t.d. ved at dei får eit direkte utbytte av prosjektet, |
|---|---|---|---|

| | | | |
|---|---|---|---|
| prosjektet | | | får hyppg og god informasjon og får høve til å påverke prosjektet. Tiltaka vi kjem fram til her leggast inn i aktivitetsplanen, t.d. i eit ganttskjema |
| Politisk miljø | | | |
| Opplæringsavdelinga i HFK | | | |
| | | | |
| | | | |
| | | | |

*Fyll inn eige skjema. Dei to viktigaste interessentane kan førast opp her om ein ønskjer det. Tiltaka ein kjem fram til overførast til ein tiltaksplan.*

**Risikovurdering**

*Fyll inn eige skjema. Det to-tre viktigaste risikofaktorane kan ev førast opp her. tiltaka ein kjem fram til overførast til ei aktivitetsplan.*

*ROS – analyse*

*Informasjon og kommunikasjon*
*Mottaking og implementering av koordinator på skulane*
*Samarbeid mellom avdelingar og ulike aktørar internt og eksternt*
*Interesse konflikt mellom nytt prosjekt og pågåande arbeidsoppgåver og pågåande prosjekt, læreplasskurs, læreplasskonferansen, Vg3 i skule, yrkesretting av fellesfag/fyr, YFF, fagnettverk, hospitering.*
*Tidsfaktor - TTT*

# 3 AVGJERDER, OPPFØLGING OG MILEPÆLAR

## 3.1 Tidsplan



Prosjektet vert starta opp i slutten av 2016 og vil strekke seg til sommaren 2019. Hovudtyngda i prosjektet vil først koma frå sommaren 2017 då dei 5 yrkesfaglege koordinatorane er på plass.

Se detaljert tidsplan for detaljer.

| | | |
|---|---|---|
| *Oppstart og få på plass styringsgruppe og prosjektplan*<br>*Utlysing og tilsetting*<br>*Opplæring og kick-off med koordinatorane.* | *Våren 2017* | *Oppstart* |
| *Utvikle plan og struktur for arbeidet til koordinatorane.*<br>• *Kartlegge eigen organisasjon*<br>• *Rolleavklaring i eigen organisasjon*<br>*Deltaking og involvering rundt formidlingsarbeidet 2017.* | *Haust 2017* | *Gjennomføring* |
| *Arbeid med formidlingsarbeid på førehand av søknadsfristar og overgang frå vg2 til vg3 i forkant av sommaren.*<br>*Formalisere arbeid og struktur rundt samarbeid mellom skule og arbeidsliv – YFF og intensjonsavtalar* | *Våren 2018* | *gjennomføring* |
| *Fokus på formidlingsoppgaver og prosesser*<br>*Oversikt og plan for elevar utan læreplass* | *Haust 2018* | *Gjennomføring* |
| *Informasjon, oppgaver og prosesser knytt til formidlingsarbeid i forkant av overgang fra vg2 til vg3. Dette opp mot* | *Våren 2019* | *Avslutning* |

| | | |
|---|---|---|
| *arbeidsliv, elever og tilsette i skulen* | | |

### 3.2 Avgjerdspunkt

| | | |
|---|---|---|
| Avgjerdspunkt 1 | 1 juni 2017 | Oppstart prosjekt |
| Føresetnader | Prosjektplan ferdig, godkjent av PA. Koordinatorane er på plass. | |
| Avgjerdspunkt 2 | 1. august 2019 | Avslutning prosjekt |
| Føresetnader | Ferdig med hovudaktivitetane. Sluttrapport ferdig | |

### 3.3 Milepælar

| | | |
|---|---|---|
| MP-1 | | Prosjektplan er vedtatt |
| MP-2 | 1. juni 2017 | Koordinatorar byrjar |
| MP-3 | Felles introduksjon og opplæring av YFK | Gjennomført etter plan |
| MP-4 | Melding til Fylkesting | Delrapport 1 |
| | | Delrapport 2 |
| | | Delrapport 3 |
| | | Delrapport 4 |
| MP-x | | Sluttrapport |

## Plan for kommunikasjon og rapportering

Kommunikasjon og informasjon vil vere suksessfaktoren her.

Samstundes er det den største fallgruva. Korleis informere og korleis informere.

Prosjektet rapporterer til styringsgruppa. Sjølve dei yrkesfaglege koordinatorane vil på sikt koma inn i prosjektgruppa. Det er eit mål å få desse stillingane forankra så høgt i organisasjonen på skulane som mogleg. Personalansvar skal ligge hos rektor (min ass rektor).

Utfordringa blir korleis ein skal informere og kommunisere på tvers av avdelingar internt i opplæringsavdelinga og korleis sikre at informasjon vert delt og formidla til dei involverte.

Det vil vere opp til styringsgruppa å avgjere kva, når og til kven informasjon skal gå.

### 3.3.1 Ressursberekning

*Budsjett – kostnadsoverslag*

| | 2017 | 2018 | 2019 | SUM |
|---|---|---|---|---|
| Lønn | 2236360 | 4153240 | 2076620 | 8466220 |
| Anna | | | | |

*Tidsbruk – møter i styringsgruppa*
*Antall møter – antall personer – lengde - kost*
*Tidsbruk – samling og møter i prosjektgruppa*
*Antall møter – personer – lengde - kost*

# 4 ORGANISERING

## Styringsgruppe

Styringsgruppe

- Sissel Øverdal (leiar)
- Linda Farestveit
- Rolf Arve Haugstvedt
- LO
  - Atle Rasmussen
  - Mats Kleven
  - Rita Jordal
- KS – Sølvi Sørebø
- OKEL – Morten Mjeldheim
- BYGGMESTRENES SERVICEKONTOR - Inge Bauge
- Hege Osebakken/Ola Dahl Andersen

Prosjektgruppe

- Hege Osebakken (leiar)
- Ola Dahl Andersen
- Rektorar frå dei 5 prosjektskulane som er med i tillegg til koordinatorane når dei er på plass

## Korleis prosjektet heng saman med andre oppgåve eller prosjekt

- Læreplasskurs modell 1 og modell 2
- Læreplasskonferansen
- Struktur og plan for Vg3 alternativ sluttopplæring i skule
- YFF prosjektet – skuleseksjonen v Monica Håkonsli
- Arbeidet med fagnettverka , skuleseksjonen – Monica Håkonsli
- Yrkesfaglærerløftet,skuleseksjonen – Monica Håkonsli
- PBG- FYR og andre prosjekt –Gerd Kjersti Ytre Arne

## Overlevering og oppfølging av prosjekt etter prosjektslutt

Prosjekteigar må våren 2019 avgjere om prosjektet skal forlengast. Det har i den politiske saksgangen kome fram ønskje om å kunne sjå dette prosjektet over lengre tid. Spesielt frå y-nemnda vart dette tatt opp.

Prosjektet må evaluerast og målast opp mot dei prosjektmål som ligg i planen og dei tal som dannar utgangspunkt for saken den gong den blei vedtatt.

Gevinst og effekt av ei innføring av yrkesfaglege koordinatorar slik tenkt i dette prosjektet, vil kanskje ikkje kunne målast etter så pass kort tid som to år. Det er eit overordna mål å få på plass varige strukturar som skal kunne takast i bruk også på andre skular enn dei som er plukka ut i prosjektet. Erfaringar frå andre fylker som har etablert yrkesfaglege koordinatorar på alle sine yrkesfagskular rapporterer at resultat derifrå tilseier at dei fyrst såg sine resultat etter 4 år.
Hordaland vel å opprette prosjekt og få laga ein pilot, ein modell, måte å arbeide på som kan implementerast på alle dei yrkesfaglege skulane. Prosjektet vil kunne måle eit visst resultat på dei prosjektskulane som er med i løpet av to år. Det tek tid å få etablert og endra eit system, få til varige endringar er krevjande. Når yrkesfagkoordinatorane over tid har fått til endring og nye varige strukturar, først då vil ein kunne sjå ei større effekt med tanke på formidling og fleire ut i læra.